# SOGNDAL kyrkjelydsblad



Nr. 1 | mars 2024 | 52. årgang



# God påske!





# SOGNDAL kyrkjelydsblad


## Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet 2. etasje,
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalast til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087.
Merk: «Bladpengar»

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle dei seks sokna i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor Sogndal.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut før sommarferien, rundt midten av juni 2024. Stoff kan sendast til post@sogndal.kyrkja.no innan 3. mai.


**Foto på framsida:**

**Stort bilete:** Frå misjonstur til Montenegro i vinterferien. Foto: Mark Fedorcenko (VG1-elev på Sygna)

**Lite bilete venstre:** Biskop Ragnhild Jepsen gjekk frå bord til bord for å høyra og læra om kyrkjearbeidet i prostiet. Foto: Sigrid Svartefoss

**Lite bilete høgre:** Lussekattar og kakao vanka på Lucia-frukost i Leikanger kyrkje 13. desember. Foto: Sigrid Svartefoss

PÅSKEANDAKT

# Eg trur på oppstoda av lekamen

*Gravene opna seg, og kroppane til mange heilage som var avlidne, vart reiste opp frå dei døde. Etter Jesu oppstode gjekk dei ut av gravene og kom inn i den heilage byen, og der synte dei seg for mange. (Matt 27,52-53)*

Eg hugsar at det var ei eldre kvinne som gjekk ofte i kyrkja og som i ein samtale etter ei påskegudsteneste var oppteken av oppstoda. At Jesu oppstode var sentral i vår tru, var ho samd i. Og det var også fint å kunne leve i vona om at vi som trur på Jesus skal oppstå. Men at vi skal oppstå med kjøt og blod slik vi lever no, det kunne ho ikkje førestille seg. Det var vel heller sjela vår som levde vidare.

Sjølv om det både er salmar og bibeltekstar som kan støtte opp under hennar oppfatning, så er det mange bibeltekstar som på ein sterk måte vitnar om ei fysisk oppstode.

Dei to versa Matt 27,52-53 høyrer ikkje med til noko tekstlesing i gudstenestene. Det er på ein måte to gløymde vers mellom langfredag og påskedag. Men det er eit usedvanleg sterkt vitnemål om kva som hende rett etter at Jesus anda ut på krossen. Då opna fleire graver i Jerusalem seg av seg sjølv. Kjende personar, som var gravlagde før, vart fysisk levande att med det same. Dei ser ut til å ha halde seg ved eller i gravrommet inntil Jesus også hadde kome ut or grava. Då gjekk dei inn i Jerusalem og viste seg for mange.

Bodskapen er ikkje til å ta feil av. Døden vart knust då Jesus døydde. Dei som låg i gravene fekk ein ny start. Teksten fortel ikkje kor mange eller kven det var som viste seg. Det er ikkje noko poeng. Det som vert fortalt er eit teikn. Det viser korleis krafta frå Jesu død og oppstode skal gje alle som trur på han ein ny start, eit nytt liv og at også kroppane våre har ei ny framtid.



*Altartavla i Tjugum kyrkje i Balestrand har tittelen Opstandelsen og er måla av Christen Brun i 1890. Det same motivet finn vi også i Tjugum si systerkyrkje i Lavik, og desse er blant mange kopiar av Adolph Tidemand sitt måleri Christi Opstandelse frå 1871. Foto: Anne Marta Hoff, NIKU.*

*Geir Sørebø*

*Geir Sørebø er for tida vikarprest i Balestrand tilsvarande 60 prosent av full stilling. Han bur på Sørebø gard i Bjordal, på sørsida av Sognefjorden i Høyanger kommune. Før han gjekk av med pensjon i 2019 var han prost i Norhordland prosti og før det i tidlegare Ytre Sogn prosti.*

## STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET

**Har du tatt bilete eller har tips til noko vi kan skrive om?**
Send det gjerne på e-post til post@sogndal.kyrkja.no innan stoffristen for kvart enkelt nummer.

**Utgjevingsplan 2024**
Nr 2-24: Sommar. Stoffrist: 3. mai.
Utgjeving i midten av juni.
Nr 3-24: Haust. Stoffrist: 16. august.
Utgjeving i slutten av september.
Nr 4-24: Jul. Stoffrist: 25. oktober.
Utgjeving i byrjinga av desember.

## PALMESØNDAG PÅ KAUPANGER 24. MARS



*Illustrasjon: Pixabay.com*

- Frå kl. 14.00: Mat på Bedehuset.
- Frå kl. 15.00: påskevandring frå Bedehuset til Kaupanger stavkyrkje. Det blir oppgåver og quiz på vegen, og kjekke aktivitetar i området rundt kyrkja.
- Kl. 16.00: Palmesøndagsgudsteneste i Kaupanger stavkyrkje.

Ta med famile og vener og opplev palmesøndag på Kaupanger. Meir informasjon finn du på www.sogndal.kyrkja.no.

## VÅRDUGNADER PÅ GRAVPLASSANE

- Tjugum kyrkjegard, torsdag 25. april. Startar med varmt måltid i kyrkjestova frå kl.16.00.
- Leikanger kyrkjegard og Husabø gravplass, torsdag 2. mai frå kl. 17.00. Signe Eikenes, leiar i Leikanger sokneråd: - Eg håpar mange møter og gjer ein innsats for feia gravplassane vårfine, for det er mykje å ta tak i etter ein lang og snørik vinter. Lauv skal rakast og greiner skal fjernast. Særleg på gravplassen i Husabø er det mykje lauv. Dei frivillige står for mykje og viktig arbeid.
- For dei andre gravplassane i kommunen er det ikkje fastsett dato enno.

Vi oppmodar alle om å vere med å bidra med vårrydding på «sine» kyrkjegardar og følgje med på oppslag, på heimesida sogndal.kyrkja.no og på facebook.com/kyrkjaisogndal

## VELKOMMEN TIL “MIDDAG FOR ALLE” PÅ STEDJETUNET



“Middag for alle” på Stedjetunet har samla mange personar i alle aldrar og soknеråda ynskjer difor å tilby dette også våren 2024. Datoane du kan merke deg i vår er 24. april og 22. mai. Desse onsdagane kan du i tidsrommet 15.30-17.00 kjøpe deg enkel og god middag laga av frivillige i kyrkjelydane. Adressa er altså Stedjetunet i Kyrkjevegen 6 i Sogndal. Arrangementet er ope for alle som vil, og ein kan til dømes kome rett frå arbeid eller henting i barnehage. Avtal gjerne med vener eller naboar! Ein treng ikkje tinge på førehand.

PRISAR: Born 0-5 år går gratis, born 6 –12 år betaler 50 kr per porsjon og vaksne 100 kr per porsjon. For ein familie med foreldre og born er maksimalprisen 250 kroner. Du er varmt velkomen!

## KAFÉKONSERT GOSPELKORET GLIMT



*Her gospelkoret Glimt i aksjon ved opninga av Stedjetunet i oktober 2021. Foto: Are Kvistad*

Sundag 21. april kl.17.00 er det duka for ny kafékonsert på Stedjetunet. Det vert konsert ved gospelkoret, allsong, kaker og kaffi. Inngangsbilletten dekker alt dette! Kom og ta søndagskaffien med oss!



## STILLE KVELD VÅREN 2024

Det er to onsdagskveldar att med tilbod om stille kveld i Stedje kyrkje i vår. Velkommen til ein stille halvtime med musikk, bøn og høve til lystenning. Samlingane vert leia av Astrid Bondevik og Stein Bondevik.

- onsdag 10. april kl.19.00
- onsdag 8. mai kl.19.00

## DET SKJER PÅ LYNGMO

**MARS 2024**
22.-25. Familieleir i Palmehelga

**APRIL 2024**
5. Vårbasar
7. Smak & Sjå

**MAI 2024**
16. Ungdomsarrangement:
16. mai feiring
27.-30. Vi over 60
31.-2.06. Ungdomsleir
(8. klasse – 3. vgs)

**JUNI 2024**
7.-9. Leir for 2.-4. klasse
14.- 16. Leir for 4.-7. klasse

**Påmelding / info:**
https://www.lyngmoinfo.com
Telefon: 57 68 43 66

# Ragnhild vil vera ein inkluderande biskop

**– Ei fantastisk dame, varm og tøff. Biskopen er særs flink til å formidla og er jordnær. Ho gjev eit godt inntrykk, seier Signe. – Ho skaper ein god atmosfære rundt seg sjølv, seier Hilde.**



*NÆRT MØTE: – Eg håpar eg evnar å sjå både dei eg arbeider med og dei eg møter. Ei sterk kyrkje er visjonen vår i Bjørgvin, seier biskop Ragnhild Jepsen, her saman men prost Kjell Olav Høstaker Nordheim på Stedjetunet. Gåva til biskopen var boka «Harastølen - Heimen for dei utstøytte» av Oddrun Midtbø.*

Godorda sat laust hjå Signe Eikenes og Hilde Njøs, leiar og nestleiar i Leikanger sokneråd etter møtet med den nye Bjørgvin-biskopen, Ragnhild Jepsen.
Onsdag 22. november var biskopen i Sogndal og møtte tilsette og frivillige i kyrkja i Sogn. Det for å gjera seg betre kjend med dei ulike sokna i prostiet med heile 38 kyrkjer. Like eins ville Jepsen høyra meir om den kyrkjelege aktiviteten

**Fekk applaus**
Samlinga i Sogndal hadde eit tettpakka program. Kvar kyrkjelyd hadde fått i oppgåve å ta for seg kvart sitt tema. Slik fekk biskopen høyra korleis kyrkja arbeider i sokna, utfordringar dei møter, draumar dei har for å gjera ein betre innsats for til dømes å inkludera nye landsmenn, og korleis dei kan få til spontane og små samtalar.
Prost Kjell Olav Høstaker Nordheim hadde lagt opp til ein stram regi, og samla inn



*FEKK SVAR: Biskop Ragnhild Jepsen var særs lydhøyr, noterte ivrig og gav alle kyrkjelydane direkte tilbakemeldingar på spørsmål.*

spørsmål frå staben i Sogn prosti.
– Med fortid i Trondheim og to profilerte klubbar i bispedømet, kor mange fotballag er det plass til i eit biskophjarta? Det lurer me i "Stao-pao-land" på, smilte prosten.
– Der går eg for treeinigheita, svara Jepsen kjapt. Til stor applaus.

**– Målet viktig**
Både biskopen og prosten er engasjerte i arbeidet for nynorsk. Ragnhild biskop er frå Ål, har vore aktiv i mållaget og har fått målpris for arbeidet sitt.
– Målet har me med oss og det er det me kommuniserer med.
– Me er ulike prestetypar og ulike biskoptypar. Reknar me bakover på dei to tidlegare biskopane, vil ein seia me har hatt sjelesørgjaren og forkynnaren. Kva biskoptype er du, spurde prost Nordheim.
– Eg trur eg er ein inkluderande biskop, og håpar eg evner å sjå dei eg arbeider med og møter. Målet mitt er å visa ei inkluderande kyrkje, slik de har vist i dag med dei prosjekta de held på med og dei måla de har. Eg vil visa at kyrkja og kyrkjerommet kan vera romsleg. I Sogn har de opne dører. Det er særs viktig å stø alle, og det skal vera plass til alle i kyrkja, òg dei som har eit konservativt syn. Det er viktig.

**Tenkja nytt**
– Ser de over kommunegrensene og legg merke til utfordringane i Sogn, eller er Bergen nærare, var eit anna spørsmål prosten hadde fått til biskopen frå dei tilsette.
– Me har heile bispedømet på blokka. Difor er det viktig å ha kontakt med prostane, sa biskopen. Ho la heller ikkje skjul på at dei må tenkja nytt når det gjeld bruk av ressursane.
– Sjølv om me ynskjer det, vert det ikkje fleire folk til å arbeida i kyrkja.

**Er vårt gull**
På nokre hektiske timar fekk biskopen godt innsyn i korleis dei arbeider rundt om i sokna, og om alle utfordringar. Og det vart gong på gong i innlegga fortalt om kor viktige alle dei frivillige er for kyrkjelydane.

«Kyrkja er hjelpelaus utan pensjonistar... Alle frivillige stiller opp og ordnar. Dei er vårt gull. Me er så glade i dei», song koret med tilsette ved Sogndal kyrkjekontor. Dei hadde skrive ein song med mange vers, og fekk med humor skildra korleis arbeidet deira er. Både hjortar som tek seg inn på kyrkjegarden i Kaupanger, samarbeid med Riksantikvaren, og kvardagen til kyrkjeverja kan verta til ein song.

**Rett og vrangt**
– Livet kan vera som eit strikketøy. Nokre dagar kan vera rette, andre kan vera vrange. Masker kan gleppa og rakna, sa Karen Helen Bokn Melhus, sokneprest i Vik, då ho fortalde om kvifor ho inviterte til strikkegudsteneste. Og mange kom til gudstenesta med strikket sitt, og fortalde at dei no følte seg velkomne i kyrkja.
Oppslutnaden om kyrkjevalet var heller dårleg rundt om i landet, men Vik utmerka seg òg her. Og best var deltakinga i valet i Fresvik med 53 prosent oppslutnad.

**Frivillig innsats**
Ungdomsprest Andreas Eikevik Danbolt fortalde om det gode samarbeidet mellom kyrkja og frivillige.
– Kyrkja i Fjærland er ein naturleg del av bygda. Balestrand er bygda med stor kyrkjesøknad. Leikanger er bygda med frivillige som kan lyd og teknikk, og oppslutnaden om konfirmasjonen har auka.
– Berre set meg opp på ei liste, er svaret me får når me spør.

**Eldsjeler**
– Eldsjelene er mange i Ølmheim, og kvart år inviterer soknerådet til friluftsgudsteneste.
I Kaupanger gjev dei blomar til dei over 80 år.



*KOR: Dei tilsette ved Sogndal kyrkjekontor hadde skrive song med humor og snert om korleis det er å arbeida i kyrkja.*



*NATTVERD: Biskopen inviterte til nattverdsgudsteneste i Stedje kyrkje, her med prest Vegard Bondevik Lie.*

– Og kyrkja arbeider tett med bedehuset. Saman vil me byggja kyrkjelyden, sa Andreas Eikevik Danbolt.
Biskopen fekk elles høyra om innhaldsrik kulturveke i Farnes kyrkje og kyrkjemusikk på trekkspel i Luster.

**To trekkspel?**
Helene Myklemyr Bolstad er ein av to kyrkjemusikarar som trakterer trekkspel under gudstenester. Den andre held til i Ål, heimbygda til biskopen.
Luster hadde akutt mangel på organist i 2007, og Helene fekk spørsmål om ho ville vikariera. Frå 2015 har ho vore tilsett som kyrkjemusikar.
– Å spela trekkspel i kyrkja har ikkje vore heilt stovereint. Eg fekk høyra frå ei at eg burde ha eitt trekkspel i kyrkja og eitt til dans. Eg føler meg akseptert. No får eg spørsmål frå andre sokn om å spela - òg til gravferder, fortalde Helene Myklebust Bolstad.

**Tenn lys**
Biskopen slutta av dagen i Sogndal med nattverdsgudsteneste i Stedje kyrkje.
– Tenn eit lys for sokneråda, for kyrkjelyden, for menneske som har det vondt, sjuke og flyktningar, sa biskop Ragnhild Jepsen, og bad om fred mellom Gaza, Israel, Ukraina og andre land i verda. Hjelp oss å verna om menneskeverdet.

**Kom, såg og vann**
Det var ingen tvil om at sogningane har fått ein biskop som dei set stor pris på, og godorda var mange å høyra. Ein er freista til å ty til latin og keisar Cæsar. Veni, vidi, vici. «Eg kom, såg og vann», skal keisar Cæsar ha sagt etter den snøgge sigeren over kong Farnakes av Pontos i slaget ved Zela i Vetleasia (i dag Zile i Tyrkia) i år 47 f.Kr.
No fekk ikkje dei kyrkjelege tilsette så mange timar med biskopen sin som dei hadde håpa. Dei skulda på Vår Herre, vêret og Widerøe, for at biskop Raghild Jepsen denne onsdagen fekk seg ein ekstra tur til Oslo, før Dash-en kunne gå inn for landing på Haukåsen.
Slutten av kveldssamlinga vart òg hastig.
Nattarbeid i Frudalstunnellen gjorde at biskopen fekk bråhast med å ta avskil, for å koma seg til Nordfylket der nye møte venta neste dag.

*Sigrid Svartefoss*
**Tekst og foto**

# – Sjå, eg har vunne ein julesokk!

**Tobias jublar av glede. Omgang etter omgang med åresal, men Tobias måtte slukøyra registrera at det ikkje vart nokon vinst. Men på siste oppropet, vann han.**

Ein knallraud stor julesokk var vinsten. Gleda var umåteleg stor der han sat på bestemorfanget til Torunn Gro Blomdal. Strålande blid og gledestrålande viser han stolt fram vinsten.

**Populær**
Den årvisse basaren på kyrkjelydshuset på Leikanger er populær, små og stor møter talrikt fram i håp om å vinna ein av dei mange, fine vinstane. Særleg åresalet er populært.

Foreldre til konfirmantar hadde bakt kaker. Tradisjonen tru var det gratis kaker, kaffi, te og saft til alle som kom på basaren.

**Til drifta**
– Basaren er avgjerande for at me kan drifta kyrkjelydshuset. Inntektene frå utleige av huset til private, gjev ikkje nok inntekt til å dekka driftsutgifter, seier Signe Eikenes, leiar i Leikanger sokneråd. Ho takkar alle som har gjeve vinstar til basaren, har kjøpt lodd, og alle som møtte i kyrkjelydshuset og kjøpte årar.

I år var basaren 26. november og det kom inn til saman 32.412 kroner.

*Sigrid Svartefoss*
**Tekst og foto**



*STOLT: Tobias kan stolt visa fram fram den flotte julesokken han vann på det populære åresalet.*



*FRIVILLIGE: Utan dei mange frivillige som stiller opp, hadde ikkje soknerådet kunna gjennomføra kyrkjelydsbasaren.*

**Dugnad på Leikanger kyrkjelydshus**
torsdag 4. april kl.16.00.
Alle som har høve og lyst til å bidra er velkomne!
Leikanger sokneråd

**Koret Elkana frå Godøya på Sunnmøre kjem til Sogn helga 19. - 21. april.**

Dei vil delta på fleire arrangement i regionen vår:

- Møte på Hafslo bedehus fredag 19. april kl. 20.00
- Sangmøte på Lyngmo laurdag 20. april kl. 19.30
- Gudsteneste i Stedje kyrkje søndag 21. april kl. 11.00.

# Nytt frå fellesrådet

## Informasjon frå Gravplassmyndigheita i Sogndal

Sogndal kyrkjelege fellesråd har rolla som offentleg gravplassmyndigheit i Sogndal kommune og yter i denne samanheng tenester til alle som bur i kommunen – uavhengig av tru, livssyn og kulturell bakgrunn.
Heimeside: sogndal.kyrkja.no/gravplass

**Gravplassvedtekter for Sogndal på heimesida og på Lovdata**
Dei lokale gravplassvedtektene som gjeld i Sogndal kommune har offisielt namnet **«Forskrift om gravplassvedtekter, Sogndal kommune, Vestland fylke»** og er som offentleg forskrift tilgjengeleg på Lovdata.no der ein også finn gravplasslova og den nasjonale gravplassforskrifta.

**Reglar for planting på ei grav**
Når det no vårast vil gravplassmyndigheita særskilt minne om reglane som gjeld for planting på graver og som er fastsett i § 8 i den lokale forskrifta. Det er mellom anna fastsett at det ikkje skal plantast vekstar som veks seg høgare enn gravminnet eller når utanfor plantefeltet. Dvs. at det ikkje er høve til å plante noko bak eller attmed gravminnet, og ikkje breie eller høge tre/busker.



*Graver skal ikkje ha planting som er høgare enn gravminnet, går ut over breidda på plantefeltet eller gøymer teksten på gravsteinen. Grava i dømet er anonymisert.*

**Innramming av plantefelt**
Når det gjeld innramming av plantefelt, så seier forskrifta dette: *«Det er berre høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant (tre deler) eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Lause steinar må av tryggleiksomsyn ikkje nyttast som innramming av bedet.»*



*Plantefeltet på ei grav skal ikkje innrammast med lause steinar, sjølv om det kan vere dekorativt. Dersom ein ynskjer innramming kan det berre nyttast tredelt steinkant eller bedplate. Grava i dømet er anonymisert.*

Vi set pris på om festarar og ansvarlege for graver som ser at deira plantefelt ikkje er i tråd med ovannmende vil gjere naudsynte endringar og innrette plantefelta sine i tråd med reglane. Til dømes vil ei rekkje med mange runde steinar rundt og i plantefeltet kunne vere farleg fordi dei kan verte fanga opp i samband med plenslått og kan skade både utstyr, folk og andre gravminne.

**Dalaker er ny gravar på gravplassane på Leikanger**
I desember vart det utlyst konkurranse om arbeidet med **graving av graver** på sju av gravplassane i Sogndal kommune for dei neste tre åra. Einar Dalaker vann anbodet og vil ha ansvar for gravinga i perioden 1.2.2024-31.01.2027. Dalaker har gjennom mange år hatt ansvaret for graving på dei fem gravplassane i tidlegare Sogndal kommune (Stedje kyrkjegard, Kaupanger kyrkjegard, Kaupanger gravlund, Ølmheim kyrkjegard og Fjærland kyrkjegard) og held dermed fram her som tidlegare, men har frå februar også gravinga på dei to gravplassane på Leikanger: Leikanger kyrkjegard og Husabø gravplass. I Leikanger er det Gjerløw Maskin og Transport som har ytt tenester med graving av graver, både dei siste fire åra, og i ei årrekkje før det. Denne gongen valde dei å ikkje levere nytt tilbod for å fokusere på andre oppgåver. Fellesrådet takkar Gjerløw for samarbeidet gjennom mange år og ynskjer Dalaker velkommen som ny gravar på desse gravplassane.

*Graving av graver er ei viktig oppgåve der tenesteytar må vere parat til innsats året rundt. Her frå Leikanger kyrkjegard.*



**Langeteig og Sværen tek over graving og vedlikehald på gravplassane i Balestrand.**
Frå 1. februar 2024 er det også nye tenesteytarar på gravplassane i Balestrand dei neste tre åra: Are Langeteig og Sværen Maskin (Halvor Sværen) fekk kontrakten i lag etter ny utlysing i desember. I Balestrand er det ikkje berre snakk om **graving av graver** på dei tre gravplassane (Tjugum kyrkjegard, Sæle kyrkjegard og Kvamsøy kyrkjegard), men også **stell og vedlikehald** på Tjugum og Sæle (plenklipp, kantklipp rundt alle gravsteinane, avfallshandtering , snømoking osb.). I Balestrand er det Lidal Utleigeservice AS som har gjort dette arbeidet, både dei siste fire åra, og før det, sidan 2008. Også her vil fellesrådet takke Lidal for godt samarbeid gjennom alle desse åra, og ynskjer dei nye velkomne.
På Kvamsøy kyrkjegard vil Jon Asbjørn Målsnes halde fram arbeidet med plen- og kantklipp.


*Lidal Utleigeservice har greve mange graver på Tjugum kyrkjegard gjennom åra.*

*Jostein Risa*
**Tekst og foto**

# Karen Marie Hjelmeseter er ny leiar i Sogndal kyrkjelege fellesråd



**Sogndal kyrkjelege fellesråd som tredde i funksjon frå 1. desember har konstituert seg og Karen Marie Hjelmeseter frå Norum sokn er vald til leiar i fellesrådet i 2024 med Dag Olav Osen frå Kaupanger som nestleiar. Sidan sist er det også utnemnt geistleg representant og kommunal representant.**

Fellesrådet om er valt for perioden 2023-2027 er sett saman av ein representant frå kvar av dei seks nyvalde sokneråda med kvar sin personlege vara. I tillegg har fellesrådet ein representant frå kommunen og ein geistleg representant (sokneprest). Sogndal kommune har valt Frode Bøthun som sin representant for fireårsperioden med May Kristel Bødal som personleg varamedlem. Begge desse var med i fellesrådet i førre periode, Frode med same verv som no, medan May Kristel då representerte Kaupanger sokneråd. Fellesrådet har mellom anna administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna, har arbeidsgjevaransvar for kyrkjeleg tilsette utanom prestane og forvaltar kyrkjebygg og gravplassar.

Geistleg representant (prest) vert peika ut av biskopen i Bjørgvin. For inneverande periode er det sokneprest Vegard Bondevik Lie som er fast medlem i fellesrådet som i førre periode, med prost Kjell Olav Høstaker Nordheim som personleg vara.

Dei som møter fast i Sogndal kyrkjelege fellesråd er dermed:

**Leiar Karen Marie Hjelmeseter (Norum sokn), nestleiar Dag Olav Osen (Kaupanger sokn), Kirsti Møller Bruland (Stedje sokn), Hallbjørg Eidhamar (Balestrand sokn), Signe Eikenes (Leikanger sokn), Anders Skarestad (Fjærland sokn) , Frode Bøthun (kommunal representant) og Vegard Bondevik Lie (geistleg representant). Alle medlemene har personleg vara, sjå oversyn i nr 4-2023.**

# Konfirmasjonar i Sogndal våren 2024

**Med atterhald om endringar. Konfirmasjonane er sorterte på gudstenestedato, kyrkje og førenamn på konfirmanten. Konfirmantlistene vert også publiserte i Sogn Avis og på nettsidene våre.**

## ØLMHEIM KYRKJE, NORUM

**Sundag 5. mai kl. 11.00**
André Venes
Elisabeth Lund Åsarmoen
Julianne Slinde
Live Barsnes Lærum
Lukas Nornes
Marielle Vikør Slinde Ahlin
Marius Solberg Slinde
Oddgeir Bondevik Nornes

## KAUPANGER STAVKYRKJE

**Helgetorsdag 9. mai kl. 10.00**
Amanda Amalie Lind
Anine Dahl-Tørnes
Johan Stormyr Lund
Kari Sofie Håland Hofsvik
Lilja Feigum
Tage Loftesnes
Tuva Veum

**Helgetorsdag 9. mai kl. 12.30**
Emili Osen Låksrud
Håvard Fosse Hjelmeland
Johan Hope Skjerven
Kevin Neraas Teigen
Leo Berkvam Osen
Sofie Kaldestad
Therese Sognnes Austheim

## TJUGUM KYRKJE, BALESTRAND

**Helgetorsdag 9. mai kl. 13.00**
Amalie Kleppe Holgersen
Benjamin-Alexander Kerschbaumer
Elim Yonas
Ester Louise Nilsson
Eyuel Fisseha Weldeyohannes
Kaja Emeli Ohma
Nojus Karikovas
Oliver af Geijerstam Fardal
Trym Sellereite Målsnes

## VAR DU KONFIRMANT I 1974?

Søndag 9. juni kl.11.00 er det gudsteneste i Kaupanger stavkyrkje der dei som vart konfirmerte i 1974 er særskilt inviterte. Jubileet er felles for sokna Norum, Kaupanger og Stedje og alle 50-årskonfirmantane frå desse sokna vil få skriftleg invitasjon til gudsteneste og felles middag på eit av hotella i Sogndal etterpå. Vel møtt!



*Forbønshandlinga for kvar enkelt konfirmant er ein sentral del av konfirmasjonsgudstenesta. Foto: J. Risa*

## STEDJE KYRKJE

**Laurdag 11. mai kl. 10.00**
David Kongelf
Emil Lunde Hillestad
Emilie Årøy
Eskil Barsnes
Henrik Holm
Malin Øren
Maria Elisabeth Nesse Heggestad
Mikael Perez-Hellevang
Olaus Skartun
Sigve Årdal Ølmheim
Sondre Solstad Herfindal
Sverre Stavø
Tage Sørheim Årman
Ulrik Brekke Hatlevoll

**Laurdag 11. mai kl. 12.30**
Adrian Øyri Kørra
Alva Pettersen
Alvilde Tonheim Hågvar
Brage Feidje Rørvik
Eli Margrethe Losnegard Torheim
Elida Falck Husum
Helle Marlene Jensen Dyrdal
Ingrid Sanden
Julie Vadseth
Lilja Ugulen-Resaland
Sanne Holum Gjørven
Sofie Hole Sæterbakken
Vebjørn Gulbrandsen Langeteig

**Sundag 12. mai kl. 10.00**
Arne Flatane
Bjørnar Gjerde Hofslundsengen
Frida Wolff Bolseth
Gaute Heggestad
Gustav Svedal Hatle
Jon Liheim
Kristoffer Svori Moe
Luna Victoria Flo
Mads Nilsen
Sander Lomheim
Sander Røysum
Selemawi Tsegay Alem
Thomas Hollekve Hagen
Torjan Vindedal Espe

**Sundag 12. mai kl. 12.30**
Amalie Flugheim
Elin Barsnes
Ella Reppen Hålien
Emilie Jensen
Emilie Øvretun
Ina Ynnesdal Flåten
Ingrid Brenne
Ingrid Revheim Ramstad
Marte Fauske Stedje
Mia Vikøren Hodlekve
Silje Nyvoll Aadland
Ulrik Svensøy



## LEIKANGER KYRKJE

**Laurdag 18. mai kl. 11.00**
Anders Brennset Gjerland
Evy Mathilde Fossberg
Frida Fykse Lomås
Isak Borlaug Hauge
Lilly Madelen Fossberg
Markus Bukholm Solbakken
Martin Onsanthia Solbjør
Oline Skau Åset
Sigrid Brudvik Sunde
Theo Nord Melås
Vilde Tufte Mardal

**Sundag 19. mai kl. 10.00**
Axel Frimanslund Vikesland
Bjørnar Aaland Eggum
Heine Njøs Verlo
Håkon Yri
Jens Nerland Palne
Johan Gjerløw
Sander Holen
Viljar Nesse Takle

**Sundag 19. mai kl. 12.00**
Amalie Buene Halveg
Anna Felde Hasund
Emily Fredheim Espe
Hanna Instefjord Brekken
Julie Kraus
Malin Hagheim Barsnes
Pernille Svensøy-Berge
Sandra Slinde Thorsnes
Tirild Ramstad Os

## FJÆRLAND KYRKJE

**Sundag 19. mai kl. 11.00**
Erlend Mundal Skjelten
Eskil Tufte



# Kulturkalendar

I vår er det høve til å få med seg mange flotte konsertar i kyrkjene våre. På desse sidene finn du nokre små omtalar samt oversikt over konsertar og andre arrangement hjå oss.

For meir informasjon om konsertane – inklusive billettprisar – og for oppdatert kulturkalendar, sjå nettsidene våre www.sogndal.kyrkja.no/Kultur



## JOHN BØRGE ASKELAND PROJECT – THE REALIZATION

**Velkomen til konsert ei stemningsfull og melodiøs jazzoppleving i Stedje kyrkje på palmelaurdag, 23. mars kl. 19:30.**

Komponist John Børge Askelands melodiar og arrangement legg til rette for eit kreativt samspel mellom nøye utvalde musikarar. Med seg har han følgjande musikarar: Arve Henriksen (trompet), Eyolf Dahle (flygel) og Helge Andreas Norbakken (trommer).

Askeland har vakse opp i Leikanger og har dei siste åra turnert fylket rundt med «Julesong». Her får du høyre hans egne komposisjonar som kom ut på CD i fjor og som har release denne helga i Oslo og her i Sogn.

For dei som ønskjer å høyre plata The Realization, kan den strøymast på Spotify.

**Billettar kostar kr. 350,- og kan kjøpast i døra (kort eller Vipps) eller førehandskjøpast via www.sogndal.kyrkja.no**




## EMIL SOLLI-TANGEN: EN KLASSISK REISE

Tysdag 30. april kjem den norske operasongaren Emil Solli-Tangen til Stedje kyrkje med sin turné «En klassisk reise».

Bli med på ei klassisk reise med opera og klassiske toner fra Emil Solli-Tangen. Med seg har han med pianist Trond Akerø-Kleven og multikunstner Michael Caplin.

**Dørene opnar kl. 17.00, og konserten byrjar kl. 18.00.**

**Billettar koster kr. 475,- og kan kjøpast på Ticketmaster.**

# NYTT, MEN GAMALT, FLYGEL I STEDJE KYRKJE



*Flygelet på plass i Stedje kyrkje. Foto: Hallgeir Øgaard Westli*

Flygelet vart produsert i 1916/1917, og stod på ein gard i Østfold fram til for få år sidan. Det var i svært dårleg tilstand då Hellstrøm Flygel & Piano i Oslo starta å restaurere flygelet.

Våren 2023 fekk Stedje kyrkje tildelt 200.000,- frå Sparebanken Sogndal Jubileumsfond, og kunne dermed gå på «flygeljakt». Om lag samstundes, var restaureringa av flygelet i Oslo komen så langt at flygelet vart lagt ut for sal. Dette vart plukka opp frå kyrkja i Sogndal, og i august 2023 reiste kantorane Arild og Hallgeir til Oslo med fullmakt frå soknerådet i Stedje til å kjøpe – sjølv om det på den tida framleis mangla 100.000,- for å kjøpe akkurat dette flygelet.



*Vel 160 stykk møtte frem til innvigingskonserten i februar. Foto: Bente Leirdal Sleen*

Flygelet gjorde såpass inntrykk at kantorane gav beskjed på staden at dette skulle Stedje kyrkje ha, og bra var det – hadde ein vore der ein dag seinare, hadde det vore solgt til ein større musikkinstitusjon i Noreg.

Flygelet blei formelt innvigd måndag 26. februar, med vel 160 stykk til stades. Flygelet imponerte både publikum og musikarar, og det blei mellom anna sagt at dette er eit flygel i verdsklasse, og eit flygel det er vanskeleg å slutte å spele på. Sagt på ein annan måte; Stedje kyrkje har fått eit flygel ein kan vere svært stolte av! Hellstrøm Flygel & Piano har gjort ein framifrå jobb med å restaurere dette kvalitetsinstrumentet.

På innvigingskonserten vart det samla inn midlar til å dekke forskutteringa som soknerådet gjorde i 2023, og det kom inn heile 22.600,- på konserten. I skrivande stund står det att vel 49.000,- for å ha fullfinansiert flygelet, som vi håpar på å få på plass i løpet av våren.

Til lukke med nytt, gamalt flygel.

Hallgeir Øgaard Westli
**Tekst**

## KONSERTAR OG KULTUR

**23. mars kl. 19.30**
**Stedje kyrkje**
John Børge Askeland Project – The Realization.
Billettar: kr. 350,-

**13. april 18.00**
**Stedje kyrkje**
Festkonsert med Sogndal Songlag – John Rutter: Requiem

**13. april kl. 19.00**
**Leikanger kyrkje**
Oratoriesolistene: Maurice Duruflé – Requiem

**26. april**
**Tjugum kyrkje**
Konsert med Frode Skag Storheim og lokale kor

**30. april kl. 18.00**
**Stedje kyrkje**
Emil Solli-Tangen – En klassisk reise
Billettar: kr. 475,-

**24. – 26. mai**
**Songarstemne**
Norum songlag arrangerer songarstemne i Ølmheim kyrkje med konsert laurdag 25. mai. Det vert også songgudsteneste søndag 26. mai kl. 13.00 i Ølmheim kyrkje.

**1. juni**
**Stedje kyrkje**
Abram Bezuijen (orgel): Johann Sebastian Bach – Goldbergvariasjonene

**15. juni**
**Leikanger kyrkje**
Bergen domkor og Østerlide

*For informasjon om tidspunkt og billettprisar, sjå www.sogndal.kyrkja.no*
*Følg oss også på Facebook: Kyrkja i Sogndal*

# Barnas

